



G 11 laget frå Uskedalen i Rema Husnes Cup 2018.

I helga var fotballaget G 11 frå Uskedalen på Rema 1000 Husnes Cup. Laget består av 7 gutar fødde i 2007 og 4 gutar fødde i 2008. Så det er ein god mix. I år var det 73 lag påmeldt og 182 kampar skulle spelast på lørdag og søndag. Det var 21 lag som var påmeldt i klassen vår, så då var muligheten til å få spela mot nye lag stor. Dette blei det teke omsyn til, så vi spelte ikkje ein kamp mot våre 'normale' motstandarar.

Vi starta lørdagen med kamp mot Solid fra Sagvågen. Det gjekk overraskande bra då vi vant 10-0. Så var det ein pause på 4 timar til neste kamp mot Vedavåg Karmøy 2. Det var bra for då kunne vi reisa heim og få på oss tørre klær.

Dette blei litt tøffare motstand, så her blei det uavgjort 1-1, men vi hadde nok sjansa til å kunna hala i land ein siger her og. Vi skulle kanskje ikkje brukt opp alle måla i første kampen ?

Lørdagen blei avslutta mot Kolnes frå Haugesund. Der var vi ikkje med på notane. Så her fekk vi det første og einaste tapet. Kampen enda med 3-8 tap.

Etter ei god natts søvn var vi klare igjen til kamp mot Kråkenes Rød fra Bergen. Dei hadde vunne 5-4 over Kolnes. laget vi hadde tapt for dagen før. Så vi var spente på korleis dette kunne utarta seg. Det skulle visa seg at vi var best på formiddagen denne helga. Vi var på frå start og vann denne kampen 6-0.

Dagen blei avslutta mot Moster, ein kampen vi vann 6-1. Dette var nok den kjekkaste sigeren då alle spelarane var med og bidrog med sitt beste. No var det ikkje noko vits å spara meir på kruttet.

Vi hadde ei kjempe kjekk helg på Husnes med mange gode kampar. Mange av gutane viste seg fram med gode prestasjonar, så detta lovar godt for haustsesongen. Vi taper og vinn som eit lag, og det viste seg at når alle stod på for laget, så vinn vi.

Da vi trenarane er ganske opptatt og 'på' under kampane, kan det henda at resultatata ikkje er heilt 100%. Dersom det er skrive eit mål for mykje eller for lite, bed vi om orsaking for det. Takk for ei kjekk turnering!

Serien startar allerede på tirsdag mot Ternen på Valen. Første heimakampen blir på Heio tirsdag 28.08 klokka 17:15 etter planen. Då kjem Solnut på besøk, og vi satsar på å ha kiosken open. Så då er alle hjarteleg velkomne til å koma og sjå og heia på oss. Trenarane Jan Øvstebø og Trond Myklebust.

Tekst/ bilete: Trond Myklebust

Redigering/nett: Kristian Bringedal



Premieutdeling med Mats og Andre som får sine premiar.